

Kommunedelplan for Volda sentrum



Planprogram

Kommunestyret 26.01.2006 lagt ut til off. ettersyn
Det faste planutvalet 08.05.2006 godkjenning

Innhald

| | |
|---|-----------|
| 1. Kvifor rullering/revisjon av kommunedelplanen for Volda sentrum? | 4 |
| 1.1 Kommuneplansystemet i Volda kommune | 4 |
| 1.2 Gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum..... | 4 |
| 1.3 Føremålet med revisjon av kommunedelplan for Volda sentrum | 4 |
| 1.4 Avgrensing av planområdet..... | 4 |
| 1.5 Klargjering av omgrep..... | 5 |
| 1.6 Tidlegare kommunale vedtak og prosess | 5 |
| 2. Rammer og premiss for planarbeidet..... | 6 |
| 2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel..... | 6 |
| 2.2 Helse og miljø i plan..... | 6 |
| 2.3 Andre kommunale plandokument | 6 |
| 2.4 Fylkesplanar | 7 |
| Strategiplan for Møre og Romsdal 2005 - 2010 | 7 |
| Fylkesdelplan for senterstrukturen 2004 - 2008 | 7 |
| Regionalt utviklingsprogram 2005 – 2008 | 7 |
| 2.5 Universell utforming | 7 |
| 2.6 Stamveg, framtidig E 39 – nasjonal transportplan | 8 |
| 2.7 Samfunnstryggleik..... | 8 |
| 2.8 Rikspolitiske retningslinjer..... | 8 |
| 2.9 Ny forskrift om konsekvensutgreiingar..... | 8 |
| 2.10 Bruk av utbyggingsavtaler..... | 9 |
| 3. Organisering, medverknad og planprosess..... | 9 |
| 3.1 Organisering av planarbeidet..... | 9 |
| Styringsgruppe..... | 9 |
| Prosjektgruppe | 9 |
| Referansegruppe | 10 |
| 3.2 Opplegg for medverknad og mobilisering..... | 10 |
| 3.3 Framdrift..... | 10 |
| 4. utfordringar og viktige problemstillingar | 11 |
| 4.1 Bustadområde | 11 |
| 4.2 Kva er den fornuftige avgrensinga av tettstaden mot jordbruksarealet? | 12 |
| 4.3 Byggeskikk og estetikk i byggeområde..... | 12 |
| 4.4 Korleis skal vi sikre ein god grøntstruktur i tettstaden?..... | 12 |
| 4.5 Korleis legge til rette for utvikling av tettstaden som handelssenter?..... | 13 |
| 4.6 Funksjonelle næringslokale i verneverdige bygningar..... | 13 |
| 4.7 Korleis løyser vi parkerings- og trafikksituasjonen i Volda sentrum? | 13 |
| 4.8 Betre tilrettelegging for dei mjuke trafikantane | 13 |
| 4.9 Utvikling av Volda som ein attraktiv studiestad | 13 |
| 4.10 Offentlege område | 13 |
| 4.11 Korleis utvikle nærings- industri- og forretningsstaden Volda? | 13 |
| 4.12 Overordna vegsystem | 14 |
| 4.13 Flystøysone..... | 14 |
| 4.14 Golfbane | 14 |
| 4.15 Bruk og tilgjenge til hamne- og sjøareal | 14 |
| 4.16 Område for fritidsbustader og naust | 15 |
| 4.17 Revisjon av retningslinjer/føresegner i eksisterande reguleringsplanar | 15 |
| 4.18 Universell utforming | 15 |
| 5. Behov for utgreiingar og kunnskap | 15 |
| 6. Tettstadanalyse | 18 |

| | |
|---|----|
| 6.1 Innhald og fokus i Tettstadanalysen | 18 |
| 6.2 Geografisk avgrensing av tettstadanalysen | 19 |
| 6.3 Bruk av tettstadanalysen..... | 19 |
| 6.4 Framdrift og organisering av tettstadanalysen | 19 |

1. Kvifor rullering/revisjon av kommunedelplanen for Volda sentrum?

1.1 Kommuneplansystemet i Volda kommune

Volda kommune har ein gjeldande kommuneplan som består av ein tekstdel og ein arealdel. Tekstdelen (felles planføresetnader, mål og retningslinjer) vart vedteken av kommunestyret i 1997.

Arealdelen er sett saman av fleire delplanar. Den samla arealplanen vart godkjent i 1990, mens dei fleste delplanane er av nyare dato. Delplanane har vorte revidert etter behov. Gjennom Kystsonenplanen, som vart godkjent i 2003, tok vi med arealet som ligg innafor 100-metersbeltet. Dette utgjer mykje av det aktive arealet i store delar av kommunen. Delplanen for Volda sentrum vart godkjent i 1998.

1.2 Gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum

Gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum frå 1998 er ein rein arealplan og består av eit plankart og ein veg og trafikkplan.


1.3 Føremålet med revisjon av kommunedelplan for Volda sentrum

Føremålet med revisjon av kommunedelplan for Volda sentrum er:

- Å lage eit betre styringsverktøy
- Revisjon av dagens arealbruk
- Utvikle Volda til ein attraktiv tettstad i regionen, med eit levande og konkurransedyktig sentrum.
- Inkludere Mork/Furene og Vikebygda i sentrumsplanen for å få til ei meir heilskapleg arealforvaltning

1.4 Avgrensing av planområdet

Kommunedelplanen for Volda sentrum vert utvida til å omfatte områda i Vikebygda til Ørsta grense og området Mork/Furene til Ørsta grense, som innteikna på bildet under. Arealet i sjø er også ein del av kommunedelplanen.



1.5 Klargjering av omgrep

| | |
|---------------|--|
| Planområdet | Heile området som er omfatta av kommunedelplanen |
| Volda sentrum | Heile området som er omfatta av gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum |
| Sentrumsjerne | Forretningsområdet som strekker seg frå Vikeneset til og med Scanaområdet, avgrensa av Industrigata. Området er i gjeldande kommunedelplan avsett til blanda sentrumsfunksjonar. |

1.6 Tidlegare kommunale vedtak og prosess

I DFP-sak 33/97 gjorde ein vedtak om heile Vikebygda til Ørsta grense skulle vere med i kommunedelplanen for Volda sentrum ved neste rullering.

I sak 05/05 i planutvalet om status for planarbeidet og prioritering av planoppgåver 2005 vart det gjort vedtak om rullering av kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Fureneområdet, med utarbeiding av tettstadanalyse, ved innleige av ekstern konsulent.

14.11.2005 hadde planutvalet temamøte om tettstadanalyse for Volda sentrum. Tettstadkoordinator Arne Dag Gjørde orienterte om erfaringane med stadanalyse og tettstadprosjekt frå andre tettstader i fylket. Representantar frå næringslivet og administrasjonen var også invitert til møtet.

I DFP-sak 67/05 vart det gjort vedtak om organiseringa av planarbeidet jfr. kap.3.1.

2. Rammer og premiss for planarbeidet

2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen for Volda kommune 1996 – 2008 har ikkje noko overordna målformulering, den har derimot mange målsetjingar for utvikling innafor planområdet. Målsetjingane tek for seg mange tema for korleis ein vil ha det i tettstaden Volda.

- positive og trygge oppvekstmiljø
- miljø- og ressursvennleg tettstadutvikling
- arbeide for å minske utflyttinga blant ungdom og unge vaksne, og leggje til rette for arbeid og trivsel i kommunen gjennom aktiv næringspolitikk, familie-, skule-, og nærmiljøpolitikk og bustadtilbod i alle delar av kommunen.
- Kommunen bør aktivt stimulere og delta i vidareføring av miljøutviklinga i sentrum, med sikte på å ta vare på bymessige kvalitetar og eit levande sentrum. Ein tenkjer her m.a. på bygningsmiljø, parkar og ”grøne lungar”, gågater og tilkomst, byggjeskikk og skiltbruk.
- Verne om ytre natur- og miljøkvalitetar, kulturminne og leikemiljøet der born bur.
- Kommunen bør støtte opp om arbeidet med å utvikle Volda som eit aktivt og attraktivt handelssenter, og gjere sentrum betre tilgjengeleg for brukarane både m.o.t. trafikkforhold, parkering og miljømessige/parkmessige tiltak. Den eldre delen av sentrum med tradisjonelle trehus og triveleg utemiljø utgjer her ein stor ressurs for vidare utvikling av Volda som handelsstad.
- Vidareføring av ”Vakrere Volda” – prosjekt og leggje til rette for meir funksjonelt og levande ”by” sentrum.

2.2 Helse og miljø i plan

Volda kommune er helse- og miljøkommune, deltakar i partnerskapet God helse i Møre og Romsdal, har signert Fredrikstaderklæringa om Lokal Agenda 21 og deltek i det femårige prosjektet Helse i plan og vi ønskjer derfor sette helse og miljø i fokus i all verksemd. Dette vil også seie at det skal leggjast vekt på helse- og miljøomsyn i kommunalt planarbeid, med sikte på å fremje helse, førebyggje sjukdom og skade på menneske og miljø, verne om kultur, økosystem og biologisk mangfald.

2.3 Andre kommunale plandokument

Kommunen har ei rekke kommunale planar som det må takast omsyn til under planarbeidet.

| | |
|--|-------------------------------------|
| Arealdelen til kommuneplanen 1989 - 2000 | Trafikktryggingssplan |
| Bustadsosial handlingsplan 2004 - 2008 | Kystsonenplanen 2003 - 2006 |
| Næringsplan 2004 - 2007 | Skiltplan |
| Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2004 - 2008 | Miljøtiltak i sentrum/Vakrere Volda |

2.4 Fylkesplanar

Strategiplan for Møre og Romsdal 2005 - 2010

Fylkesplanen med Strategiplan for Møre og Romsdal 2005 – 2010 har under strategien trivsel ei målsetting om å utvikle gode tettstader. Gjennom kommunedelplan for Volda sentrum vil Volda kommune bidra til at Volda kan bli ein god tettstad.

Fylkesdelplan for senterstrukturen 2004 - 2008

Avgrensing av sentrumsareal er opp til kommunane, gjennom kommuneplan/kommunedelplan. Det er utarbeidd prinsipp for korleis ein skal gjere dette. Det skal vere gangavstand mellom ytterpunkta i sentrum. 800 meter i gangavstand mellom ytterpunkta i sentrum i byane og tilsvarande mindre i tettstadene er sett som retningsgjevande maksimalavstand.

I ytterkanten av sentrum kan det setjast av areal for framtidig sentrumsutvikling og for plasskrevjande varer. Plasskrevjande varer er definert som bilar og andre motorkøyrety, fritidsbåtar, landbruksmaskinar, trelast og andre større byggevarer, trær og plantar i hagesenter.

Det er ikkje gjort ei klar definering av sentrum i tettstaden Volda i gjeldande plan. Dette må avklarast gjennom arbeidet med kommunedelplanen.

Regionalt utviklingsprogram 2005 – 2008

Attraktive arbeids-, bu-, og serviceregionar (ABS-regionar) er eit av satsingsområda i regionalt utviklingsprogram 2005 – 2008. Under dette satsingsområdet legg ein vekt på å medverke til å skape så attraktive tettstader som mogeleg gjennom tilrettelegging av møteplassar, uterom m.m. Eit av føremåla med kommunedelplan for Volda sentrum er å utvikle Volda til ein attraktiv tettstad i regionen, med eit levande og konkurransedyktig sentrum. Dette samsvarer godt med programålet under program 5.6.2 Utbygging og opprusting av fysisk infrastruktur:

Gode fysiske rammevilkår for næringsliv og busetting, avgrensa til oppgåver som kan løysast gjennom Regional- og distriktpolitiske verkemiddel.

2.5 Universell utforming

I regjeringa sin handlingsplan for auka tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne finn vi følgjande definisjon av universell utforming:

Universell utforming betyr at produkter, byggverk og uteområder som er i alminnelig bruk, skal utformes på en slik måte at alle mennesker skal kunne bruke dem på en likestilt måte så langt det er mulig uten spesielle tilpasninger eller hjelpemidler.

I "NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet" kjem ein med forslag til ny lov om forbod mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighets-loven). Dette er bl.a. ei oppfølging av satsinga på universell utforming. Dersom lovforslaget vert sett i verk vil dette få konsekvensar for bl.a. arealplanlegging og utforming av bygg og uteareal.

2.6 Stamveg, framtidig E 39 – nasjonal transportplan

Det er vedtatt at framtidig trasé for E39 mellom Nordfjordeid og Volda skal gå gjennom Kviven i Hornindal kommune. Strekninga er prioritert for oppstart/gjennomføring i perioden 2006 – 2009 i Nasjonal Transportplan 2006-2015. Dette vil venteleg gi auka trafikk på RV 651 gjennom Volda sentrum og dagens E39 frå Vikeneset til Ørsta grense. Møreforsking Molde og Høgskulen i Molde har i arbeidsrapport 2005:2 berekna ÅDT til å verte mellom 1200 og 350 bilar alt etter bompengesatsene.

2.7 Samfunnstryggleik

Kommunen har ansvar for å sikre forsvarleg bruk og vern av areal og bygningar i kommunen. Det er ei nasjonal målsetting at tryggleiks- og beredskapsomsyn skal inn som ein viktig del av samfunnsplanlegginga. Det er derfor viktig at kommunen vurderer aktuelle risikofaktorar ved endring av arealbruk.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har utarbeidd ei sjekklister for kommunale areal-, regulerings- og bustadplanar, som kan vere ei god rettesnor for vurderinga av forsvarleg arealbruk. Det er også anbefalt at ein utarbeider egne risiko- og sårbarheitsanalyser som eit grunnlag til planarbeidet.

2.8 Rikspolitiske retningslinjer

Følgjande retningslinjer er dei mest aktuelle i forhold til utarbeiding av kommunedelplan for Volda.

- Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for areal og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for barn i planlegginga

2.9 Ny forskrift om konsekvensutgreiingar

Arealdelen til kommuneplanen og kommunedelplanar som omhandlar utbyggingsområde skal handsamast etter ny forskrift om konsekvensutgreiingar(01.04.05).

I dette ligg krav om utarbeiding av et planprogram som skal avklare rammer og premiss for planarbeidet, klargjere føremålet med planarbeidet og skildre kva for utbyggingsstrategiar og alternativ som vil bli vurdert. Ein skal også skildre kva for utgreiingar ein meiner er nødvendig for å gi eit godt grunnlag for avgjerdsle. Planprogrammet skal sendast ut til høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn, før kommunen kan fastsette planprogrammet.

I planforslaget skal ein gjere greie for planarbeidet og skildre dei trulege verknadene av dei utbyggingsstrategiane og arealdisponeringane som ein foreslår i planen. Det er berre dei delane av planen som fastsett rammer for framtidig utbygging og som medfører endringar i forhold til gjeldande plan som skal utgreiast.

2.10 Bruk av utbyggingsavtaler


Det er gjort endringar i plan- og bygningslova når det gjeld utbyggingsavtaler. Utbyggingsavtaler kan berre nyttast i forhold til dei bestemmelsar som er gitt i arealdelen til kommuneplanen, reguleringsplan eller utbyggingsplan. Dersom ein ønskjer å nytte utbyggingsavtaler for å styre utbygginga, må grunnlaget leggast i ein plan.

Slike utbyggingsavtaler skal i tillegg ha grunnlag i kommunalt vedtak som definerer når utbyggingsavtaler er ein føresetnad for utbygging, og som synleggjer kommunen sine forventningar til avtalen. Dette kan gjerast gjennom t.d. eit handlingsprogram for realisering av planen.

3. Organisering, medverknad og planprosess

3.1 Organisering av planarbeidet

Kommunedelplanen for Volda sentrum skal organiserast som eit prosjekt med følgjande organisering:



Styringsgruppe

Planutvalet skal vere styringsgruppe.

Prosjektgruppe

Det er prosjektgruppa som er ansvarleg for det daglege arbeidet med kommunedelplanen. Prosjektgruppa skal også vere prosjektgruppe for arbeidet med tettstadanalysen. Prosjektgruppa består av ei administrativ plangruppe med tillegg av ordføraren, ein representant frå næringslivet, ein representant frå grendelaget i sentrum og ein person frå vegvesenet. Denne prosjektgruppa vert ganske stor, men vi finn det fornuftig å nytte eit allereie eksisterande forum med vekentlege møte. Den administrative plangruppa består av rådgjevar i næringsaker, ass. administrasjonssjef, landbrukssjef, kommunegartner, leiar for kommunalteknisk avd., leiar for bygg og oppmålingsavd., folkehelsekoordinatoren, barnerepresentanten i plansaker og planleggjarane ved planavd.

Referansegruppe

Det skal opprettast referansegruppe. Det kan vere aktuelt å gjennomføre idèdugnader før ein oppretter ei slik ressursgruppe. Det er eit vesentleg poeng at ressursgruppa vert samansett av personer som ønskjer å engasjere seg i vidare utvikling av Volda sentrum.

3.2 Opplegg for medverknad og mobilisering

I arbeidet med kommunedelplanen ønskjer vi stor grad av medverknad frå dei ulike gruppene som har interesser av planarbeidet. Dette er også ei av målsetjingane i gjeldande kommuneplan.

Det skal setjast ned ei ressursgruppe som skal ha med deltakarar frå ulike lag, organisasjonar og interessegrupper og andre interesserte ressurspersonar. Vi tek sikte på å etablere ei slik ressursgruppe i samband med eit ope møte når planprogrammet er lagt ut til offentleg ettersyn.

Gjennom fleire opne møte ønskjer vi å sikre generell deltaking frå alle som har interesse av utviklinga av Volda sentrum, Mork og Vikebygda. Dei opne møta kan vere både tema- og områderetta. Vi ser for oss at arbeidet med tettstadanalysen skal medføre eit auka engasjement for utviklinga innan planområdet.

Vi vil kontinuerleg nytte lokalpressa og heimesida til kommunen til å gi informasjon om prosjektet og skape engasjement og debatt.

Vi vil søke samarbeid med dei berørte sektormyndigheitene i alle viktige fasar av planarbeidet. Sjå 3.3.

3.3 Framdrift

| Fasar i planarbeidet | Samarbeid og medverknad | Politisk handsaming | Framdrift |
|-------------------------------------|--|----------------------------|-----------------------------|
| Oppstart av planarbeid | Varsel av oppstart Planmøte med Fylket | Vedtak i kommunestyret | Januar 2006 |
| Høring/off. ettersyn av planprogram | Varsel av oppstart Planmøte med Fylket | | Februar 2006 |
| Offentleg ettersyn av planprogram | Ope møte Innspel frå ressursgruppe | | Februar 2006 |
| Vedtak av planprogram | | Vedtak planutvalet | Mai 2006 |
| Utarbeiding av planforslag | Innspel frå ressursgruppe og andre interesserte og berørte | | Mars 2006 – november 2006 |
| Tilbod på tettstadanalyse | | | Februar 2006 |
| Utarbeiding av tettstadanalyse | Opne møte | | April 2006 – september 2006 |

| | | | |
|---|---|------------------------|-----------------------|
| | Innspel frå ressursgruppe og andre interesserte | | |
| Godkjenning/tilslutning til tettstadanalysen | | Planutvalet | September 2006 |
| 1. gongs handsaming av planforslag | | Vedtak i planutvalet | November 2006 |
| Offentleg ettersyn av planforslag | Ope møte Planmøte Fylket | | Nov. 2006 – jan. 2007 |
| Handsaming av merknader/Revisjon av planforslag | Prosjektgruppe | | |
| Ev. 2. gongs handsaming av planforslag | | | |
| Ev. 2. utlegging til off. ettersyn. | | | |
| Eigengodkjenning av kommunedelplan | | Vedtak i kommunestyret | Juni 2007 |
| | | | |

4. Utfordringar og viktige problemstillingar

Volda står framfor ei rekkje utfordringar framover. Nedanfor har vi lista opp det vi trur blir viktig problemstillingar i arbeidet med ny kommunedelplan for Volda sentrum.

4.1 Bustadområde

Fleire kommunale planar omhandlar bustadtilhøve i Volda. I kommuneplanen for 1996 – 2008 er det ei målsetting å sikre positive og trygge oppvekstmiljø, samt satsing på miljø- og ressursvennleg tettstadutvikling. Tettstadanalysen er eit viktig grunnlag for utvikle gode bumiljø i planområdet. Vi vil fokusere på å skape trivelege uterom og sosiale møteplassar der folk ferdast og i buområda.

I arbeidet med bustadsosial handlingsplan kom ein fram til at det er behov for om lag 45 nye bustader pr. år i kommunen. Det vart vist til at bl.a. Mork ikkje hadde ledige tomter i kommunale felt. Eit av hovudmåla i bustadsosial handlingsplan er å framskaffe og finansiere velfungerande bustader til vanskelegstilte grupper på bustadmarknaden.

I næringsplanen finn vi målsettinga om at Volda skal vere ei av dei beste kommunen i landet å leve og arbeide i gjennom tilbod til alle aldrar, kjønn og behov. Det vert vidare poengtert at kunnskap om ”bulyst” må leggjast til grunn ved utvikling av Volda.

I gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum er det framleis store område avsett til bustader som enno ikkje er utbygd. Vi må likevel gå gjennom behovet for nye framtidige bustadområde i forhold til kva bustadtyper det er aktuelt å legge til rette for. Det er viktig å legge til rette for ulike bustadtilbod i planområdet. Det er ein trend at folk ønskjer å busette seg mest muleg sentrumsnært. I bustadsosial handlingsplan vert det rådd til at sentrumsnære areal vert øymerka til spesielle bustadføremål ved rullering av kommunedelplan for Volda sentrum. Dette er et viktig punkt og vi ønskjer gjennom tettstadanalysen å finne løysingar for

korleis vi kan legge til rette for auka busetting i sentrumskjerna. Dette kan løysast både ved fortetting og omdisponering av bygningar. Gjennom arbeidet med kommunedelplanen for Volda sentrum må ein vurdere korleis ein skal kunne legge til rette for etablering av fleire bustader nær sentrumskjerna for dei ulike gruppene, samtidig som vi må finne eigna areal til vidare feltutbygging innafør planområdet.

Aktuelle ny areal til bustadbygging kan vere Nordalen, Rotset, område på nordsida av Rotevatnet, Mork. Det ligg føre innspel om å nytte areal til bustadbygging på Andaneset, Rotset og Egset.

Det er no regulert inn fleire nye tomter til bustadbygging på Mork, som foreløpig ikkje er klargjort for bygging. Det kan likevel vere behov for meir areal til bustadområde. Område B2 i gjeldande kommunedelplan for Mork er areal for bustader, her kan det tenkjast at ein kan endre føremålet pga. trafikkstøy og behov for utviding av industriarealet.

4.2 Kva er den fornuftige avgrensinga av tettstaden mot jordbruksarealet?

I Volda er det stadig spørsmål om nye byggeområde. Tettstaden Volda er som dei fleste andre tettstader omkransa av LNF-område. Det er ikkje gjort heilskaplege vurderingar av verdien av dette arealet, som består av landbruks-, natur-, og friluftsområde. Det er som regel landbruksarealet som er det mest ettertrakta byggeområde, sidan dette ofte er sett på som enklast å opparbeide, samtidig som dette arealet er det viktigaste arealet for landbruksnæringa.

Gjennom arbeidet med kommunedelplanen vil vi prøve å fastsetje ei fornuftig grense mellom landbruksområde og byggeområde. Vi vil utføre ei samla vurderinga av landbruksarealet innafør planområdet, slik at vi får ei avklaring av dei verdifulle jordbruksareala som vi må ta vare på. I ei slik vurdering vil det vere behov for å klassifisere jordbruksareal ut i frå arrondering, jordkvalitet, samt eksisterande og framtidig drift.

4.3 Byggeskikk og estetikk i byggeområde

Kommunane på Søre Sunnmøre har utarbeidd ein felles rettleiar for god byggeskikk og visuell kvalitet i plan- og byggesaker. Det er aktuelt å ta med bestemmelsar og retningslinjer knytt til dette temaet i kommunedelplanen. Dette vil få følgjer for plan- og byggesaksbehandlinga.

4.4 Korleis skal vi sikre ein god grøntstruktur i tettstaden?

Vi ønskjer å gå gjennom grøntstrukturen i planområdet, og det kan derfor komme fram forslag om å sikre areal til friområde. Følgjande problemstillingar er viktige i denne samanhengen:

- Supplere eksisterande oversikt – bla Elvadalsprosjektet
- Korleis skal Rotevatnet inngå i grøntstrukturen ?
- Frå fjord til fjell
- Skal vi definere markagrense?
- Sikre samanheng mellom grøntområda

4.5 Korleis legge til rette for utvikling av tettstaden som handelssenter?

Kommunedelplanen skal fokusere på sentrumsutvikling og korleis Volda kan verte enda meir attraktiv som handels- og skulesenter. I tillegg til arealplanen tenker vi oss at kommunedelplanen skal inkludere eit handlingsprogram for korleis vi kan nå dette målet. Handlingsprogrammet vil truleg bestå av ei rekke ulike tiltak for korleis vi skal ruste opp Volda sentrum. Tettstadanalysen er eit sentralt grunnlag for denne handlingsdelen. For å få til den ønskede utviklinga treng kommunen aktive samarbeidspartar som det lokale næringslivet, lag- og organisasjonar og regionale og statlege myndigheiter.

4.6 Funksjonelle næringslokale i verneverdige bygningar

I Volda sentrum har vi eit unikt bygningsmiljøa med fleire verneverdige bygningar. Dette er ein stor verdi for Volda men samtidig er det utfordring for dei næringsdrivande i området. Dei næringsdrivande har gjerne behov for meir funksjonelle lokaler for å oppretthalde lønnsmda, dette blir sett på som vanskeleg i dei gamle bygningane. Gjennom tettstadanalysen ønskjer vi å visualisere korleis det kan vere muleg å t.d utvide butikkarealet utan at bygningane og bygningsmiljøa vert øydelagt/forringa.

4.7 Korleis løyser vi parkerings- og trafikksituasjonen i Volda sentrum?

Det er stor underdekning av parkeringsplassar i Volda sentrum. Dette må vi finne ei løysing på. Dette gjeld spesielt innafor sentrumskjernen og vert å ta opp i samband med tettstadanalysen. Det er også behov for å vurdere trafikksituasjonen i fleire område i Volda sentrum, både i sjølve sentrumskjernen og i andre delar av planområdet.

4.8 Betre tilrettelegging for dei mjuke trafikantane

Med den ventelege auke i trafikken i samband med Kvivsvegen og Eiksundsambandet vert situasjonen for dei mjuke trafikantane forverra. Etablering av ei miljøgate kan endre på dette. Det er viktig at dei mjuke trafikantane føler seg trygge, det er spesielt viktig å sikre trygge ferdselsårer for barn og unge på veg til og frå skule og andre aktivitetar.

4.9 Utvikling av Volda som ein attraktiv studiestad

- Integrering av "Campus" i Volda sentrum
- Tilstreккеleg areal til vidare utbygging
- Trivsel på studiestaden

4.10 Offentlege område

Fellesprosjektet Innovata er planlagt etablert på område avsett til offentleg føremål. Dette er i tråd med gjeldande plan, men vil truleg endre trafikkbildet i området. Informasjon om planane for Innovata finn ein på <http://www.innovata.no/>

Det er også behov for å vurdere utviding av Leirshaugen gravplass, alternativt må ein finne areal til ny gravplass for Volda sentrum.

4.11 Korleis utvikle nærings- industri- og forretningsstaden Volda?

I Volda sentrum har det dei siste åra vore ei utvikling mot at næringsareal vert nytta til service/forretningsverksemd (t.d. Spinneriområdet). Dette fører til at det vert mindre areal til anna næringsverksemd i sentrum. I arbeidet med kommunedelplanen er det viktig å gå gjennom kva type verksemd ein ønskjer lokalisert i sentrum og kva type verksemd ein vil ha utafor sentrum.

I Fureneområdet er det i gjeldande kommunedelplan for Mork avsett område til forretning, industri og service.

Fylkesdelplan for senterstruktur legg føringar på kva slags næringsaktivitetar som kan lokaliserast utafor sentrum. I fylkesplanen er sentrum definert som eit konsentrert sentrum med gangavstand mellom ytterpunkta. Volda kommune har ikkje definert eit slikt sentrum i sine planar og dette må derfor gjerast i dette planarbeidet med grunnlag i tettstadanalysen. Det kan derfor vere aktuelt å innarbeide retningslinjer for kva type verksemd som kan lokaliserast til nærings-, industri- og forretningsareal utafor eit slikt definert sentrumsområde. Det er viktig å vurdere kva type handel vi ønskjer lokalisert i Fureneområdet.

4.12 Overordna vegsystem

- **Eiksundsambandet** er planlagt å opne hausten 2007. Det vert truleg auke i trafikken på eksisterande E39 frå Furene til Volda sentrum.
- **Kvivsvegen** er ikkje oppstarta men er planlagt fullført i 2011. Kvivsvegen er ein del av kyststamvegen og medfører ei omlegging av E 39. Dette vil seie at RV 651 gjennom sentrum vert endra frå riksveg til stamveg med påfølgjande auke i gjennomgangstrafikk.
- **Miljøprioritert gjennomkøyring/Miljøgate.** Det er ønskjeleg å få etablert ei miljøgate gjennom Volda sentrum frå Vikeneset til og med Prestegardskrysset,
- **Tunnel til Ørsta.** I eksisterande kommunedelplan er det planlagt tunnel til Ørsta som ei forlenging av Kvivsvegen. Dette vil gi eit vesentleg endra trafikkmønster i Volda sentrum. Gjeldande plan har bandlagt to alternativ for tunnel og det er nødvendig å velje endeleg alternativ i denne planprosessen.

4.13 Flystøysone

Det er planlagt å utvide Ørsta/Volda flyplass Hovden. Dette medfører krav til å synleggjere flystøysona i dei kommunale planane. I kommunedelplanen vil det derfor verte lagt inn eit restriksjonsområde gjennom å bandleggje området etter pbl. § 20-4 nr. 4, med sikte på ei seinare regulering til restriksjonsområde for støy etter pbl § 25 nr. 6.

4.14 Golfbane

Det er etablert ein golfbane i Vassbotn. Det er gitt mellombels dispensasjon og mellombels løyve til omdisponering for bruk av landbruksarealet til golfbane. Eventuell permanent lokalisering av golfanlegg til området i Vassbotn skal gjerast ved revisjon av kommunedelplanen for området.

4.15 Bruk og tilgjenge til hamne- og sjøareal

Volda manglar funksjonell gjestehamn, det er ønskjeleg å finne eigna areal til eit slikt føremål gjennom arbeidet med kommunedelplanen. Ein må også vurdere om ein skal fortsette arbeidet med cruisehamn på Vikeneset. På aktuelle stader kan det vere aktuelt å vurdere løysingar som sikrar enklare tilgang til sjølinja.

4.16 Område for fritidsbustader og naust

Det er ikkje sett av areal til fritidsbustader i gjeldande kommunedelplanar for Mork/Furene og Volda sentrum. Etter innspel kan det vere aktuelt å vurdere nye område for hyttebygging. Det er planlagt fritidsbustader ved Volda skisenter. Det er godkjent reguleringsplan for området som oppheva kommunedelplanen frå 1998.

I både kystsoneplanen og dei gjeldande kommunedelplanane er det sett av areal til naust. Etter fleire innspel er det ønskeleg å vurdere nye areal til naustbygging .

4.17 Revisjon av retningslinjer/føresegner i eksisterande reguleringsplanar

I Volda sentrum er det ei heil rekke reguleringsplanar med ulike retningslinjer og føresegner. Vi ser behov for å samordne ein del av desse gjennom å etablere nye retningslinjer og føresegner i kommunedelplanen som skal gjelde framfor reguleringsplanane.

I forhold til endringar i plan- og bygningslova om utbyggingsavtaler er det aktuelt å lage føresegner jfr pbl § 20-4 pkt. b med sikte på legge grunnlag for å nytte slike avtaler for å styre utbygginga.

For å sikre god byggeskikk i planområde vil vi vurdere å innarbeide retningslinjer i tråd med rettleiar for god byggeskikk og visuell kvalitet utarbeidd av byggesaksforumet på Søre Sunnmøre.

4.18 Universell utforming

Vi ønskjer å ha universell utforming som eit overordna prinsipp i planlegginga av Volda sentrum. Gjennom arbeidet med kommunedelplan for Volda sentrum må vi ta omsyn til denne målsettinga.

Offentleg- og privat service bør vere lokalisert i sentrum av tettstaden slik at ein sikrar tilgjenge for alle, også dei som ikkje disponerer bil. Nye byggeområde må plasserast og utformast slik at dei i så stor grad som muleg kan nyttast av alle. Det bør leggest vekt på lokalisere utbyggingsområde slik at det vert korte avstandar til daglege gjeremål. Ein del av tur- og rekreasjonsområda bør vere tilpassa slik at alle kan nytte seg av dei. Gang- og sykkelveggar/-stier bør gi samanhengande samband mellom ulike byggeområde og rekreasjonsområde og vere tilpassa funksjonshemma. Det offentlege rom bør utformast slik at det er lett å orientere seg i det for alle menneske. Sosiale møteplassar er viktig for helse og livskvalitet og ein bør derfor legge vekt på å styrke byar- og tettstadsentra som gode kulturelle og sosiale møteplassar.

5. Behov for utgreiingar og kunnskap

Denne kommunedelplanen er i første rekke ein oversiktsplan, der vidare detaljplanlegging vert gjort i detaljplanar. Det skal vurderast konsekvensar av forslag til arealendringar, der ein legg vekt på viktige miljø-, ressurs- og samfunnsomsyn. Planprogrammet skal klargjere kva for utgreiingar som er nødvendige for å sikre eit godt beslutningsgrunnlag for forslag til endringar i arealbruken.

| Tema | Mulege verknader | Kjent kunnskap | Behov for utgreiingar |
|--|---|---|--|
| Helse | Nye utbyggingsområde og endringar i trafikksituasjonen kan påverke folk si helse på ulike måtar. | Ikkje kjent kunnskap | Som helse- og miljøkommune skal vi alltid vurdere konsekvensar for folke si helse. Dette vil vi også gjere i arbeidet med kommunedelplanen. |
| Friluftsliv og tilgjenge til uteområde | Vi ønskjer å unngå at det vert lagt ut nye utbyggingsområde i område nytta til friluftsliv. | Lokale og regionale friluftsområde er registrert i Naturbasen og gjennom tidlegare planarbeid. | I den grad kommunen sjølv ikkje har nødvendig kunnskap om nærfriluftsliv i aktuelle område skal vi sikre kunnskap gjennom dialog med grendeutval og ev. andre lag og organisasjonar. |
| Tilgjenge til bygningar og tenester | Tilgjenge til bygningar og tenester vil truleg verte påverka av endringar av typar verksemd innafor og mellom industri-, nærings- og forretningsareal, | Ikkje kjent kunnskap | Dette er noko som vi må ta omsyn til i den vidare planlegginga. |
| Dyre- og planteliv | Nye utbyggingsområde eller endra bruk kan tenkjast å påverke plante- og dyrelivet. Vegtiltak i og ved viktige trekk for vilt vil mest truleg påverke vilttrekket. | Verdifulle naturområde er registrert i Naturbasen og kommunen har registrert biologisk mangfald | Må vurdere konsekvensar av tiltak i trekkruer for Hjort i Mork-/Fureneområdet. |
| Jordbotn, vatn og luft | Det er lite truleg at utlegging av nye utbyggingsområde vil føre til forureining eller anna vesentleg påverknad av jordsmonnet, vassressursar og luft. | Ikkje kjent kunnskap | Det må vurderast om nye utbyggingsområde krev endringar i planane for vatn og avlaup. |
| Klima og energi | Lokalklima kan verte påverka av nye utbyggingstiltak gjennom endringar i vegetasjonsbelte t.d. i dalsider. Ulike utbyggingstiltak kan medføre auka energibehov. | Lokal energiutgreiing for Volda kommune | Verknader for lokalklimaet må vurderast i kvart einskild tilfelle. Ved større utbyggingstiltak skal ein vurdere alternativ som kan vere med på å redusere energibruken. |
| Landskap | Nye byggeområde kan endre landskapet, både lokale | Ikkje kjent kunnskap | Tettstadanalysen skal gi ei enkel analyse av |

| | | | |
|-----------------------------|--|---|--|
| | effekter og fjernverknad er sannsynleg. | | landskapet i planområdet og nye utbyggingsområde skal vurderast ut i frå denne. |
| Landbruk | Dei nye utbyggingsområda vil vere omdisponering av LNF-område. Noko av dette vil vere reine landbruksområde, mens andre er natur og friluftsområde. | Kart over jordbruksressursane med klassifisering av areala. | Når det gjeld eventuell omdisponering av landbruksareal vil det vere behov for grundige kartleggingar og klassifisering av jordbruksarealet innan planområdet før ein tek stilling til endra arealbruk. |
| Kulturminner og kulturmiljø | Kulturlandskapet vert truleg påverka av nye utbyggingsområde. | Objekt registrert i Sefrak | Alle automatisk freda kulturminne som er registrert må kartfestast. Konsekvensar for automatisk freda kulturminne. Skal vurderast ved ev. forslag om utbygging i eller i nærleiken til desse. Det skal ligge føre forslag om avbøtande tiltak ved ev. utbygging. Det skal gjerast ei vurdering av potensialet for funn av automatisk freda kulturminne som ligg skjult under markoverflata jfr kml §9. |
| Transport og trafikk | Dei nye vegprosjekta i regionen vil gi store verknader for trafikken i planområdet. Det er ikkje kjent kor stor trafikkauke ein kan rekne med og kva konsekvensar vert. Nye byggeområde og endringar i funksjonane til industri-, forretnings- og næringsområda vil også truleg føre til endringar i trafikkstraumane. | Ikkje kjent kunnskap | Det vil vere behov for vidare utgreiningar av konsekvensane av trafikkauken. Situasjonen for dei mjuke trafikantane bør vurderast. Det kan vere behov for ein gjennomgang av den eksisterande veg- og trafikkplanen. Tettstadanalysen skal også vurdere vegsystemet i planområdet. |
| Støy | Det er sannsynleg at auke i trafikken gjennom Volda | Ikkje kjent kunnskap | Det bør utarbeidast støysonkart for tiltak som endrar støysituasjonen i |

| | | | |
|----------------------------|--|----------------------|---|
| | sentrum vil gi støy- og støvplager | | planområdet. |
| Beredskap og ulukkesrisiko | Både nye utbyggingsområde og dei store endringane i trafikksystemet kan ha konsekvensar for beredskap og ulukkesrisiko. Med omlegginga av traseen for E39/kyststamvegen vil vi truleg få ein stor auke i gjennomgangstrafikk gjennom Volda sentrum. Dette vil mest sannsynleg auke ulukkesrisikoen også i forhold til farleg gods. | Ikkje kjent kunnskap | Ved endring av arealbruk skal ein vurdere aktuelle risikofaktorar. Det er ikkje utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse for dette området. Men vi vil nytte sjekkliste utarbeidd av Fylkesmannen. |

6. Tettstadanalyse

Det skal utarbeidast ei tettstadanalyse for Volda sentrum. Denne skal danne grunnlag for arbeidet med utviklinga av tettstaden Volda.

Vi ønskjer å utvikle tettstaden Volda til å bli ein attraktiv tettstad i regionen. Å skape eit levande og konkurransedyktig sentrum, som er ein ettertrakta stad å handle, bu og leve og å besøke.

Volda sentrum har mykje eldre trehusbebyggelse og ein del av det opprinnelege sentrum står att. Vi ønskjer å ta vare på dette samtidig som vi ønskjer å vidareutvikle tettstaden.

Volda er ein studiestad med godt over 2000 studentar i tillegg til dei om lag 4500 fastbuande i kommunesenteret.

6.1 Innhald og fokus i Tettstadanalysen

Innhaldet i tettstadanalysen skal i stor grad basere seg på Miljøverndepartementet sin rettleiar. Men vi ønskjer eit større fokus på det sosiale livet i tettstaden.

- Historisk utvikling av tettstaden
- Natur og landskap
- Organisering av bebyggelsen
- Bygningar og andre einskildelement
- Livet mellom husa

Vi vil at det skal fokuserast på korleis Volda vert oppfatta frå ulike ståstader. Korleis er det t.d. å kome til Volda for første gong som student, turist etc.? Korleis er det å orientere seg på staden? Korleis skape attraktive og gode bumiljø både for fastbuande og studentar?

Vi er opptatt av at dei som lever og bur i tettstaden skal føle tilhøyre og identitet til staden. Vi vil fokusere på å skape trivelege uterom og sosiale møteplassar der folk ferdast, derfor er det nødvendig å undersøke dei ulike gruppene sine ferdselsmønster.

Eit anna viktig tema er Volda som handelsstaden. Korleis skal vi utvikle Volda til den mest attraktive handelsstaden i regionen? Vi må finne, og ta utgangspunkt i Volda sitt særpreg, for å utvikle dette vidare, skape noko unikt som folk har lyst til å oppleve.

Må ta ein gjennomgang av dei verna bygningane og bygningsmiljøa i sentrum, med sikte på å komme fram til funksjonelle løysingar for dei som driv med næringsverksemd i bygningane. Dei næringsdrivande har gjerne behov for meir funksjonelle lokale for å oppretthalde lønsemda, dette blir sett på som vanskeleg i dei gamle bygningane. Bør prøve å visualisere korleis det kan vere muleg å t.d utvide butikkarealet på ein slik måte at bygningane og bygningsmiljøa vert teke vare på.

6.2 Geografisk avgrensing av tettstadanalysen

Tettstadanalysen skal i utgangspunktet ta for seg heile planområdet. Det er eit mål å få til ei heilskapleg forvaltning av området derfor må ein ta utgangspunkt i heile planområdet før ein vel å fokusere nærare på sjølve sentrumsarealet.

6.3 Bruk av tettstadanalysen

Tettstadanalysen skal nyttast som ein dokumentasjon på utviklinga av tettstaden Volda. Analysen skal fungere som ein kunnskapsbase og utgangspunkt for vidare diskusjonar om korleis tettstaden Volda skal utviklast. Tettstadanalysen er eit sjølvstendig referansegrunnlag for seinare prosjektvurdering og skal også kunne nyttast av alle andre som er interessert i bakgrunnsstoff om tettstaden Volda.

Tettstadanalysen skal kunne nyttast som grunnlag for føresegner og retningslinjer både i kommunedelplanen og i reguleringsplanar.

6.4 Framdrift og organisering av tettstadanalysen

Tettstadanalysen er eit sentralt dokument i forhold til å utarbeide kommunedelplanen, det er derfor viktig at tettstadanalysen vert ferdig tidleg i planprosessen. Vi tek sikte på at tettstadanalysen vert ferdig juni 2006.

Arbeidet med tettstadanalysen og kommunedelplanen skal foregå parallelt og nytte samme organisasjon. Framdrift og organisering er skissert under kapittel 3